

Grunnlagsdokument utviklingsplan 2024-2028

Forventningar til kommunen si planlegging

Dette dokumentet presenterer hovudtrekka i dei nasjonale og regionale forventningane til kommunal planlegging. Dokumentet er eit vedlegg til Stad kommune sin utviklingsplan 2024-2028



1 Innleiing

Kommunen har eit stort ansvar for å vere pådrivar for lokal samfunnsutvikling gjennom samfunns- og arealplanlegging. Nasjonale og regionale myndigheiter har forventningar til kva kommunen skal planlegge. Dei fleste forventningane handlar om innhaldet i kommunen sine planar og på kva måte ein knyter kunnskap til handling.

2 Nasjonale forventningar

«... Planleggingen skal fremme helhet ved at sektorer, oppgaver og interesser i et område ses i sammenheng gjennom samordning og samarbeid om oppgaveløsning mellom sektormyndigheter og mellom statlige, regionale og kommunale organer, private organisasjoner og institusjoner, og allmennheten.

Planleggingen skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetninger for gjennomføring og ikke være mer omfattende enn nødvendig. ...» (Utdrag frå plan- og bygningslova plandelen, § 3-1)

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging er å finne i «[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027](#)». Regjeringa legg her vekt på at planlegginga skal fremje berekraftig utvikling. Kommunar som samfunnsutviklar, tenesteytarar og planstyresmakter er avgjerande for å lykkast med å realisere dette. Regjeringa baserer seg på fem overordna perspektiv i forventingsdokumentet; sosial, økologisk og økonomisk berekraft, samfunnstryggleik og beredskap, og samarbeid for å nå måla. Desse er kategorisert som følgande tema:

- Samordning og samarbeid i planlegging
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstrykkleik og beredskap

Regjeringa har konkrete forventningar til planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling. Regjeringa ynskjer at overordna planlegging skal peike ut ei tydleg retning for samfunnsutviklinga, bidra til å nå berekraftsmåla, og samordne oppgåver og omsyn som er viktig for å få til dette. Det er ei forventning om at arbeidet med planstrategi blir prioritert for å sikre at planane er oppdaterte og møter behova som følgjer av endringar i samfunnsmessige, demografiske, politiske og naturgjevne forhold. Vidare er det forventa at moglegheitene i plan- og bygningslova for å effektivisere og forenkle planlegginga blir tekne i bruk. Planprosessar skal vere inkluderande med god samordning mellom styresmakta. Det er også forventa at samfunns- og arealplanlegginga er basert på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og at kommunane bør utarbeide ein arealrekneskap som ein del av eit slikt kunnskapsgrunnlag.

Ved revisjon av arealdelen i kommuneplanen bør kommunen vurdere om tidlegare vedteken arealbruk svarer til dei forventa behova i dag og i framtida. Det er då viktig at kommunen vurderer å ta ut eller redusere omfanget av utbyggingsareal som ikkje lenger er like aktuelle. Det er viktig at fortetting og transformasjon av bustad- og næringsområde blir vurdert før det blir sett av nye utbyggingsområde.

I kvar av dei ovanfor nemnte perspektiv framhevar regjeringa sine prioriteringar samt konkrete forventingspunkt for korleis aktuelle utfordringar på området kan møtast gjennom samfunns-, areal- og økonomiplanlegging.

Stortingsmeldingar

Meldingar til Stortinget syner prioriterte politikkområde på nasjonalt nivå. Tema som har vore tatt opp dei siste fire åra er mellom anna: klima og miljø, samfunnstrykkleik og beredskap, folkehelse og sosial berekraft, aldersvennleg samfunn, fiskerinæring, distriktpolitikk, forskning og høgare utdanning, og kunst og kultur.

3 Regionale forventingar


Vestland fylkeskommune peikar i sitt brev «Kommunal planstrategi – synspunkt frå VLFK til kommunane i Vestland» på at regionale planar skal leggast til grunn for kommunal planlegging. I brevet legg fylkeskommunen vekt på ulike tema og gjev rettleiing korleis kommunar skal jobbe med desse ved utarbeiding av kunnskapsgrunnlag og planstrategi:

- Folkehelse
- Klima
- Infrastruktur og veg – mobilitet og kollektiv
- Kultur
- Verdiskaping
- Vassforvaltning
- Jordvern
- Akvakultur

Utviklingsrapporten til Vestland fylkeskommunen peikar på 6 store samfunnsutfordringar:

- Regional, by- og bygdeutvikling
- Klima og energi
- Livskvalitet og like moglegheiter
- Naturmangfald og areal
- Verdiskaping og kompetanse
- Samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon.

Rapporten skal hjelpe kommunar å bygge på sitt eiga kunnskapsgrunnlag. Målet er ei felles forståing av utviklingsbehov, som vil kvile på at fylkeskommunen, kommunane og andre offentlege og private aktørar grip moglegheitene som ligg i samarbeid og samskaping i Vestland i åra framover.



Figur 1: Hovudutfordringar Vestland. Kjelde: Vestland fylkeskommune, 2024).

4 Forventingar om plan som føresetnad for støtteordningar

Nasjonale og regionale støtteordningar vert nytta for å bidra til ynskt samfunnsutvikling. I støtteordningar som er retta inn i mot kommunane er det ofte lagt inn ein føresetnad om at kommunen har ein oppdatert plan for området som støtta er retta mot. Når vi i planstrategien skal vurdere planbehovet dei neste fire åra, må vi ta omsyn til dette momentet. Døme på slike støtteordningar er trafikktryggingstiltak i kommunane, tildeling av spelemidlar og tiltak til naturrestaurering.

5 Lokale forventingar

Kva vi skal oppnå i Stad kommune er nedfelt i [kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032](#).

Visjonen "Verdas beste vesle stad" og samfunns målet "Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag", er retningsgjevande for strategisk styring og prioritering. I samfunnsdelen er det lagt vekt på at endring og berekraftig utvikling er premisser for livskraft, jf. FN sine berekraftsmål og Telemarksforsking sin attraktivitetsteori. Samfunnsdelen vert utdjupa gjennom ulike temaplanar.

I samfunnsdelen er det også lagt vekt på samskaping. Vi må planlegge for å bevege oss frå dagens tanke sett til morgondagenstenkesett; samskapingssamfunnet, jf. illustrasjonen under.

Ressursmobilisering vil vere viktig i planlegginga framover.



Figur 2: Samskaping for å løyse felles utfordringar. Kjelde: Tinkr, 2023.

Samskaping krev nytenking. Vi må sjå utover kommunen som organisasjon. Ved å mobilisere ressursane i lokalsamfunnet kan vi skape gode liv i vår kommune. For å oppnå eit godt samfunn og gode tenester må dei ulike einingane i organisasjonen arbeide saman, på tvers av fagområde.

Kommunen har ulike rollar; tenesteytar, forvaltar, samfunnsutviklar og demokratisk arena. I planlegginga er det viktig å huske på alle desse rollane og korleis kommunen arbeider i organisasjonen og samfunnet for å oppnå ynskt utvikling.